

Bente Hindenes Myklebust
Hindenesvegen 834
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16349 - 20/66974

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
23.10.2020

Adresseendring og adressefordeling Hindenesvegen 834A og 834B

Administrativt vedtak: Saknr: 1129/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefordeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
21/41	H0101 (B)	Hindenesvegen 834	834A
21/44	H0101 (B)	ingen	834B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med godkjent nybygging av ein bustad på eigedommen 21/44 skal det tildelast ny offisiell adresse. Då det ikkje er ledige husnummer i området her, vert det nødvendig med adresseendring av eitt bustadhus og å ta i bruk bokstav i tillegg til husnummer, for å unngå ei større omadressering.

Vurdering


Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressefordeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hindenesvegen.

Adresseendringa har vore førehandsvarsla med brev dat. 29.09 og det har ikkje kome merknad til adresseendringa.

Kommunen skaffar husnummerskilt til det husnummerert som vert omadressert og dette vert straks utsendt. Adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og-merker/1133-Adressenummerskilt/>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16349

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bente Hindenes Myklebust	Hindenesvegen 834	5993	OSTEREIDET
Endre Bysheim	Eidavegen 302	5993	OSTEREIDET
Kristian Hindenes Myklebust	Hindenesvegen 834	5993	OSTEREIDET
Siri Hindenes	Eidavegen 302	5993	OSTEREIDET